



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 05.01.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef	Administrasjon	Under orienteringar
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2017	Godkjenning av møtebok
003/2017	Referatsaker
004/2017	Orienteringssaker

Notat frå møtet:

Ordførar hadde inviterte følgjande lag/organisasjonar til å presentere og orientere om sine planar/prosjekt:

- Vaksdal og Modalen Skyttarlag ved Trygve Mjelde
- Modalen idrettslag og iModalen ved Liv Anne Aanesen

Det vart i tillegg gjeve korte orienteringar også om følgjande:

- Veterinærteneste
- Brannsamarbeid
- Omtvista faktura frå Modalen kraftlag

001/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

003/2017: Referatsaker

Behandling:

Ordførar orienterte kort om utsendt referatsak.

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

004/2017: Orienteringssaker

Behandling:

Ordfører hadde inviterte følgjande lag/organisasjonar til å presentere og orientere om sine planar/prosjekt:

Vaksdal og Modalen Skyttarlag ved Trygve Mjelde

Modalen idrettslag og iModalen ved Liv Anne Aanesen

Etter orienteringane var det ei kort drøfting og oppsummering av vidare arbeid.

Vaksdal og Modalen Skyttarlag - Trygve Mjelde

Manglar anlegg i dag og har lyst på ei skytebane i Modalen

Må ha eit nytt anlegg -15 meters miniatyrbane med 5-6 skiver etter modell frå Brekke-Oppedal

Er medlem i det frivillige skyttarlaget (DFS) - har 180 medlemar

Skyting er ein aktivitet for ei stor målgruppe med ulik alder og kjønn - generer stor aktivitet og deltaking ved arrangement.

Vil vere ein supplerande aktivitet i høve kva som er i Modalen i dag.

Ulike tekniske sider ved anlegg drøfta.

Støy vil vere minimal - innandørs anlegg.

Parkeringsbehov ved stevner / bruk på kveldstid - samordne parkering

Garderobe, lager, våpenrom , "serveringslokale"

Utvidingsmulighet for bygg - bør takst omsyn til

Lokaliseringalternativ

Helland: der driv dei feltskyting og kan utvide andre aktivitetar, parkering saman med barnehagen

Øvre Helland: kan samlokalisere med samfunnshuset , reduserer investeringsbehov bygg, parkering

Mo - v/ idrettsbana: kan samlokalisereast med andre behov, parkering

Økonomi:

Søkt om tippemidler, avslag, men må søkje påny

Treng kommunal delfinansiering

Byggje anlegg på dugnad - eigeninnsast - skal sjølv stå som eigar av nyanlegg

Modalen idrettslag - Liv Anne Aanesen

Idrettslaget har ca 180 medlemar - driv ulike aktivitetar

Ønskjer ikkje å byggje eige klubblokale

Treng betre lagerplass til utstyr og eit utsalgs/rom for sekretæriat ved arr. på fotballbana - kan bruke ei "Brakke" på hengar

Brukar skulen sine fasilitetar ellers ved arr. på bana

Har ei eiga "turgrupe" i idrettslaget

Behov for betre løyper og stiar - universelt utforma, lyssett og planert for skigåing

Forlag om å satse på strekninga Helland - Mo og over til Heiane. Samordne tiltak langs elva med elveeigarlag - gapahuk, fiskeplassar

Sti til Nestevatnet - utbetra nokre bratte part - trapper - selje partsbrev for finansiering

iModalen - Liv Anne Aanesen

Oppstarta i 2012, tilskot kr 50.000 frå Osterfjord Næringsråd

Paraplyorganisasjon for ulike initiativ med mål om å skapa aktivitet i Modalen: MØL (Modalen ølbryggjarlag), Modalen birøktarlag , marknadsdagar

No fått tilsegn frå H.Fylkeskom. kr 100.000 årleg i 3 år og kr 30.000 årleg i 3 år frå Osterfjord Næringsråd - "Liv og lyst prosjekt"

Skal ha fokus på tilbod for ungdomar/born

MØL har vore pådrivar for flytting av det gamle ungdomshuset - ha lokale til ølbrygging og andre formål.

Små lokalmatprodusentar - treng - godkjend kjøkken

Presenterte ulike lokale matprodukt frå Modalen.

Konklusjon for oppfølging etter drøftingar:

Skytebane:

Vaksdal Modalen skyttarlag gjennomgår alternativa til lokalisering og sender ei tilbakemelding om prioritering og grunngjeving til kommunen.

Ordførar kontaktar Coop Modalen vedkomande tomt på Øvre Helland.

Kommunen handsamar søknad om tomt når reviderte opplysningar føreligg

Flytting av det gamle ungdomshuset

iModalen undersøker kostnad med flytting innan Liv og lyst prosjektet

Turstiar

Modalen kommune førebur våren 2017 ei opparbeiding av sti/turløype frå Helland til brua over til Eikestølen - lagar sak til FOR/KS

.....

VETERINÆRTENESTE

Etter spørsmål frå Ann-Jorunn Farestveit orienterte rådmannen om drøftingar vedkomande felles vaktordning for veterinærtenesta og behov for å rekruttere veterinær til utføring av kommunale veterinærtenester i Vaksdal/Modalen.

BRANNSAMARBEID

Rådmannen gav ei kort orientering om status for drøftingar med Lindås kommune.

OMTVISTA FAKTURA FRÅ MODALEN KRAFTLAG

Linda Neset stilte spørsmål til saka.

Møtet vart lukka. Ordførar som er ugild i saka gjekk frå. Varordførar leia møtet.

Rådmannen gav ei kort orientering om status/drøftingar.

Rådmannen vil utarbeide ei sak til FOR/KS for handsaming og vedtak.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering med oppfølging som oppsummert under behandling.
